
Saksnr: 2020/75285-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte vel tilskotsordning m.a. innansom skal undersøkast nærare i denne forvaltningsrevisjonen.
2. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal gjera greie for status i arbeidet med den pågåande forvaltningsrevisjonen innan tannhelse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Til kontrollutvalet - Oversikt over tilskotsordningar i Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 15.02.2021 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan, inkludert problemstilling 6, og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert problemstilling nr. 6.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.*
4. *Kontrollutvalet ber Deloitte til neste møte legge fram ei oversikt over tilskotsordningar slik at utvalet kan vera med å vurdere kva ordningar som skal velgast i denne revisjonen.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av september 2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet 26.10.2021.*
6. *Revisjonsrapporten vert å levere sekretariatet innan 05.10.2021*

Dette vart også protokollert under handsaming i møte:

«Irlil Schau Johansen foreslo at forvaltningsrevisjonen også bør innehalde noko om offentleg støtte og korleis oppfølging av grensene her vert ivareteke, ikkje minst når nokon får offentleg støtte frå fleire ulike hald. Utvalet slutta seg til dette og Deloitte noterte seg innspelet og lova å ta det med i revisjonen.»

Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i tråd med punkt 1 over har slikt føremål:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Vestland fylkeskommune har tilfredsstillande system, rutinar og prosessar for tilskotsforvaltning.»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. *Kva ulike tilskotsordningar forvaltar avdeling for innovasjon og næring og avdeling for kultur, idrett og inkludering? Under dette også:*
 - a) *Kva tilskotsordningar forvaltar avdelingane på vegne av andre, t.d. statlege aktørar, og kva tilskotsordningar er finansiert med fylkeskommunen sine egne midlar?*
 - b) *Kva målgrupper er dei ulike tilskotsordningar retta mot (næring/frivillige/private aktørar)?*
2. *I kva grad er det etablert tydelege mål/føremål og vurderingskriterium for tilskotsordningane? Under dette:*
 - a) *Ligg det føre tydelege mål/føremål for tilskotsordningane?*
 - b) *Ligg det føre skriftlege tildelingskriterium/vurderingskriterium for tilskotsordningane?*
 - c) *Er informasjon om tilskotsordningane sine mål/føremål og vurderingskriterium/kriterium for tildeling offentleg tilgjengeleg for søkarar?*
 - d) *I kva grad opplever dei som er involvert i tilskotsforvaltninga at det ligg føre vurderingskriterium som gjer det enkelte for dei å vurdere*
 - i. *Om søknadar om tilskot er støtteverdige eller ikkje?*
 - ii. *Korleis det skal prioriterast mellom støtteverdige søknadar, dersom søknadstilfang/beløp er høgare enn tilgjengelege midlar?*
 - e) *Er det etablert rutinar for å be om tilbakemelding frå søkar dersom det blir gjort vesentleg avkorting i søknadsbeløp, under dette revidert finansieringsplan og stadfesting på at tiltaket er gjennomførbart?*

3. *Er det etablert system og rutinar for å sikre at sakshandsaminga i samband med tildeling av tilskot er tilfredsstillande? Under dette:*
- Er det gjort ei tydeleg fordeling av roller og mynde mellom administrasjonen og politisk nivå når det gjeld tildeling av midlar?*
 - Er det etablert system og skriftlege rutinar for å sikre etterleving av sentrale krav til sakshandsaminga i forvaltningslova og ev. interne retningslinjer knytt til tilskotsforvaltning?*
 - Er det etablert tilstrekkelege rutinar for koordinering og samhandling mellom avdelingane i fylkeskommunen, i tilfelle der det kan vere aktuelt at fleire avdelingar handsamar søknadar om tilskot til same verksemd eller føremål?*
4. *I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at habilitetsspørsmål blir vurdert og at søknadar om tilskot ikkje blir behandla av ugilde personar? Under dette:*
- Er det etablert rutinar som skal sikre at det for kvar enkelt søknad gjort ei vurdering av habilitet?*
 - Er det etablert retningslinjer for kva forhold (relasjonar og handlingar) som kan medføre inhabilitet etter forvaltningslova?*
 - Er det etablert rutinar som skal sikre at habilitetsvurderingar blir dokumentert?*
 - Er det etablert rutinar som skal sikre korleis søknadar skal bli handsama når det er identifisert inhabilitet?*
5. *I kva grad har Vestland fylkeskommune eit tilfredsstillande system for å følgje opp at tildelte midlar blir brukt i samsvar med føresetnadene? Under dette:*
- Blir det stilt krav til rapportering om bruken av tildelte midlar og er krava tydeleg kommunisert til tilskotsmottakarane?*
 - I kva grad blir det gjennomført risikovurderingar med omsyn til behov for oppfølging av tilskotsmottakarar?*
 - Blir rapportering frå tilskotsmottakarane systematisk gjennomgått og vurdert av fylkeskommunen for å sikre at tilskotsmottakarar rapporterer i samsvar med krava?*
 - Er det etablert tilfredsstillande rutinar for å følgje opp manglande/ikkje tilstrekkeleg rapportering frå tilskotsmottakarar?*
 - Er det etablert rutinar for å krevje tilbakebetaling av tilskotsmidlar dersom tilskot ikkje er nytta i samsvar med føresetnadar?*
 - Er det etablert rutinar for å stanse tildeling av tilskot ved mistanke om mislegheiter og/eller at midlane ikkje blir brukt i samsvar med føresetnadane?*
6. *I kva grad er den faktiske tilskotsforvaltninga tilfredsstillande i eit utval tilskotstildelingar? Under dette:*
- Er kriterium for tildeling/vurdering følgt og dokumentert?*
 - Er sentrale krav i forvaltningslov og ev. interne retningslinjer følgt?*
 - Er det gjort dokumenterte habilitetsvurderingar?*
 - Ved ev. inhabilitet, er sakshandsaminga og vedtak delegert til personar som ikkje er inhabile etter forvaltningslova?*
 - I kva grad er tilskotsmottakarane sin bruk av tilskotsmidlar følgt opp av fylkeskommunen i utvalte tilskotstildelingar? Under dette:*
 - Er det rapportert i samsvar med krava i tildelingsbrevet/regelverket for ordninga?*
 - Er ev. mangelfull rapportering følgt opp av fylkeskommunen, og ev. korleis?*

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Deloitte vil også, i tråd med punkt 4 i vedtaket over, presentere ei oversikt over tilskotsordningar i Vestland fylkeskommune. Dette slik at utvalet kan vera med å vurdere kva ordningar som skal undersøkast nærare i denne revisjonen. Vi har motteke vedlagte oversikt over dei ordningane fylkeskommunen har i dag. I oversendinga skriv Deloitte m.a.:

«Vi etterspurte oversikt over ordningar som blei forvalta av dei to avdelingane kultur, idrett og inkludering og innovasjon og næringsutvikling. Fylkeskommunen opplyser at det også er tilskotsordningar i avd for strategisk utvikling og digitalisering, og desse er inkludert i oversikten.

Oversikten inneheld informasjon om kva type ordningar det er (fylkeskommunale midlar, statlege midlar osv), totalt tildelt beløp siste år, tal på søknadar m.m., som ev. kan leggjast til grunn for vurdering av utval.»

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at det i vedtaket kjem fram kva tilskotsordningar kontrollutvalet meiner bør undersøkast nærare i denne forvaltningsrevisjonen.

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen elles til orientering.